

07/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 17.10.24 Kl. 19.00-21.15

Desse møtte: Renathe B. Nernes, Helena de Groen, Lillian H. Fosse,
Margun M.Tordal, Vetle K.Eide, Jorunn B.Lillefosse, Tor-Håkon Berge.

Forfall: Kjell Hoff.

Opningsord v/Tor-Håkon.

SAKLISTE:

45/24: Godkjenning av innkalling og møtereferat.

Det vart meldt inn ei ny sak, 52/24, elles ingen merknader.

46/24: Meldingar.

- Tor-Håkon er kontaktperson for dei som vil melda seg og vera med og hjelpa til på «Lys våken» helga 23.-24.november.
- Kyrkjeverja spør om vi skal digitalisera Kyrkjebladet for å spare pengar. Det er vi imot, det er for mange eldre som enno ikkje er digitale, og dei er dei flittigaste leserne av bladet. Men vi kan alle verta flinkare og senda inn stoff til bladet.

47/24: Evaluering av medarbeiderfest.

Tilbakemeldingane som er komne er gode. Medarbeidarane synest det var kjekt å treffast og verta gjort «stas» på, så me går for ein ny fest til neste år.

48/24: Konfirmantjubileet.

Alle i soknerådet, som kan, må hjelpa til. Me møtest på laurdagen kl.12.00 for å laga til og pynta lokalet. Margun leier festen. Vi bruker litt av programmet frå medarbeiderfesten, det vert musikk v/Ulf Krupka og Blåseggruppa. Mat blir bestilt, og nokre av soknerådsmedlemmene baker kaker.

49/24: Kyrkjejubileum. Komite. Idear til feiring.

Dato for jubileumet er sett til 29.og 30.august 2026. Mange forslag til aktivitetar vart lufta. Utstillingar, Konsertar, «Koma til kyrkje som i gamle dagar», Misjonsarbeid mm. Det vert opp til komiteen å arbeida vidare med dette. Det kom opp mange gode forslag på personar til å vera med i dette arbeidet, Margun skal kontakta dei og høyra om dei kan vera aktuelle kandidatar.

50/24: Planlegging av vårhalvåret-25.

I tilegg til dei faste arrangementa me gjennomfører kvar vår, så kom det opp forslag om Allsongkveld m/kveldsmat, Korgafest, Gospelkveld, ungdomsgudsteneste, sosialt samvær med andre kristne forsamlingar, Jonsokfeiring m.m. Dette er noko me får arbeida vidare med og ta med oss inn i neste års årsplan.

51/24: Eventuelt.

Renathe tok opp at ved nokre gudstenester der det har vore mykje folk, så hadde det vorte forlite kaffi og kjeks til kyrkjekaffien etterpå. Treng me ha kyrkjekaffi slike dagar, og er det viktig at det er nok kaffi til alle?

Soknerådet meiner me fortsatt skal ha kyrkjekaffi slike dagar også. Det er viktig med det sosiale samværet også. Men kanskje me kunne vera litt fleire kyrkjevertar sånne dagar, slik at det vert mogeleg å trekkja meir kaffi når ein ser kor mykje folk der er i kyrkja.

52/24: Val av samarbeid med misjonsorganisasjon.

Kyrkjelydane i Kvam har i mange år hatt Himalpartner som sin samarb.org. No er det fleire i kyrkjelydane som har teke opp om ein skal byta til ein ny misjonsorganisasjon, eller om ein skal fortsetja med Himalpartner. Det er eit ynskje at me vel ein felles organisasjon for heile Kvam, for då er det lettare å samarbeida/arranger ting.

Det er 7. org å velja mellom, NMS, Nor-misjon, Stefanusalliansen, Misjonsalliansen, Himalpartner , Israelsmisjonen og Areopagos alliansen.

Soknerådet går inn for å samarbeida med Stefanusalliansen som eit første valg, men er også åpne for å fortsetja med Himalpartner dersom dei andre sokneråda vel dette.

Avslutta møtet med be Fader Vår.

Ref.

Jorunn B.Lillefosse.